



GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell

Rettleiar for digitalisering av Gloppenmodellen

Del 2: pedagogisk bruk av digitalt innhald Gloppenmodellen



Unit anno 1940

Foto: Kari Irene Lysgård



Unit anno 2023

Foto: Ann Iren Festervoll

Innholdsfortegnelse

- 1.0 Innleiing
- 2.0 Om produksjon av filmen
- 3.0 Bakgrunn for filmen
- 2.0 Korleis bruke filmen
- 2.1 Teknisk støtte til filmen
- 3.0 Yrkesretting og samarbeid med fellesfaglærar
- 3.1 Naturfag
- 3.2 Norsk
- 3.3 Fagterminologi
- 3.4 Kva erfaringar fekk deltakarane i desse læringssituasjonane om fagterminologi
- 3.5 Ordforklaring
- 4.0 Korleis kan filmen brukast i ulike opplæringsarena
- 4.1 Undervisningssituasjon på skule
- 4.2 På språkpraksisen
- 4.3 Heimearbeid
- 4.4 Digital undervisning og sysiske samlingar
- 5.0 Forslag til oppgåver i undervisninga og bruk av filmen
- 6.0 Bruk av filmen på praksisplass
- 7.0 Refleksjonar kring bruk av digitalt innhald

1.0 Innleiing

Del to av rettleiaren er meint som eit grunnlag for den pedagogiske bruken av digitalt innhald som er utvikla for tannhelsesekretær. Dette digitale innhaldet, inkludert film og støttemateriell, finn du på www.gloppenmodellen.no: [Tannhelsesekretær](http://www.gloppenmodellen.no) - Gloppenmodellen



1.1 Om produksjon av filmen

Filmen er laga i samarbeid med lærarar og deltakarar på utdanningsprogrammet tannhelsesekretær etter Gloppenmodellen, der hovudmålgruppa er minoritetsspråklege. I tillegg til opplæring på skulen, har elevane ved Firda vidaregåande skule opplæring på tannklinik i den offentlege tannhelsetenesta 2 dagar kvar veke. Elevane får ein god læringsarena til å styrke fagkompetansen ved å observere og øve på relevante arbeidsoppgåver, der teori på skulen og opplæring i bedrift går hand i hand. Samstundes får elevane ei god førebuing inn mot arbeidslivet i gode fagfellesskap. Dei lærer skrivne og uskrivne lover og reglar når det gjeld arbeidsmiljø, regelverk og krav som blir stilt til ein arbeidstakar. Døme på dette kan vere å kome presis på jobb, gje beskjed ved eigen sjukdom eller ved sjuke born, eller å ikkje ta fri heile dagen dersom ein har legetime.

Den offentlege tannhelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar som stiller med praksisplassar på tannklinikkar i nærleiken av der elevane bur. På praksisplassen får elevane opplæring og oppfølging av erfarne rettleiarar, og det er tett samarbeid mellom praksisplass

og skule om eleven si faglege utvikling. Skulen manglar praktisk øvingsrom og behandlingsrom med utstyr til elevar på tannhelsesekretærlinja. Vi har difor samarbeidsavtale med den offentlege tannklinikken på Sandane. Vi får bruke lokalet og utstyret ved Sandane tannklinikkk etter ordinær opningstid til både opplæring- og øvingssituasjonar, samt til dei ulike praktiske vurderingssituasjonane gjennom skuleåret.

Elevane har ulike erfaringar med både skule- og arbeidsliv, språk og kulturell bakgrunn. Vi hadde kartlegging av språkferdigheiter og intervju med elevane før dei starta opp med studiet.

Den nye læreplanen LK20 trådde i kraft 01.08.2022 samstundes som vi starta opp vg3 tannhelsesekretærstudiet ved Firda vidaregåande skule. Det skapte nokre utfordringar både for lærarane og for elevgruppa. Det er m.a. ikkje utgjeve nye, fagleg oppdaterte læreverk etter at dei nye læreplanane vart teke i bruk. Undervisninga må vere godt planlagt og strukturert, og ein supplerer læreverka med informasjon og fagkunnskap frå andre informasjonskjelder. Det gjev også moglegheiter for kreative løysingar av oss lærarar for å gje så god og variert opplæring i dei ulike programfaga som mogleg.

Ei elevundersøking synte at elevane likar variasjon i opplæringa. Firda vidaregåande skule ønskjer å ha stor grad av elevmedverknad og har prøvd å legge til rette for dette. Til dømes fekk elevgruppa god kunnskap og erfaring med digitale undervisningsformer under koronapandemien. Vi erfarte lite fråvær ved digitale møtepunkt, god innsats og høg motivasjon blant elevane. I etterkant av pandemien ville elevgruppa gjerne fortsetje å ha digital undervisning. Ein skuledag i veka er difor sett av til digital undervisning. Elevane slepp reisetid denne digitale opplæringsdagen, noko både lærarar og elevane trekkjer fram som positive erfaringar. Elevane meistarar godt One Note og Teams, og dei har gradvis utvikla dei digitale ferdigheitene undervegs.

Vi varierer også opplæringa med ulike undervisningsmetodar i læringsprosessane. Vi har m.a. undervisning med utgangspunkt i eigenproduserte PowerPoint-presentasjonar, vi har gruppearbeid og diskusjonar, og elevane deler eigne erfaringar frå praksisplassane. Vi nyttar Sandane tannklinikkk som lokale til praktisk undervisning, øving og til praktisk- munnlege vurderingssituasjonar. Elevane har skriftlege innleveringar samt munnleg deltaking rundt ulike tema og

arbeidsoppgåver dei skal lære seg. Elevane får og delta på digitale fagdagar og kurs som vert arrangert av kompetansesenteret Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest. I tillegg arrangerte skulen ein studietur for elevane til Åsane vidaregåande skule og Odontologisk institutt i Bergen våren 2023.



Foto: Kari Irene Lysgård

1.2 Bakgrunn for filmen

I opplæringa har vi sakna oppdaterte visuelle hjelpemiddel som omhandlar aktuelle tannhelsesekretæroppgåver. Idéen om ein opplæringsfilm i røntgenarbeid tok form då dette er ei sentral arbeidsoppgåve på tannklinikken.

Kari Irene Lysgård har vore ansvarleg for manus. Ho har yrkeserfaring som tannpleiar og er lærar på tannhelsesekretærlinja på Firda. Gry Andreassen Leirdal er tannlege og Sissel Skrede er utdanna tannhelsesekretær og dei har vore involverte i ulike prosesser med filmprosjektet. At alle yrkesgruppene på ein tannklinikk er med i lærarteamet i undervisninga erfarer vi som fagleg tryggjande, og vi får dekkja eit breitt heilskapsperspektiv. Vi har prøvd å få fram dette i filmen, der god fagkunnskap, samarbeid og god kommunikasjon mellom yrkesgruppene gjev gode læresituasjonar. Vi har og nytta kompetansen til fellesfaglærarane på Firda vidaregåande skule og samarbeid med dei om felles tema. Vi har hatt kontakt med andre fagpersonar på tannklinikken i Sandane som har gjeve praktisk og fagleg støtte. Vi håpar at filmen kan vise forståing av heilskapen og samanhengar rundt ulike arbeidsprosessar under røntgenopptak og dermed gje god læring.

Vi har hatt samarbeid og dialog med elevane undervegs og har nytta elevane sine erfaringar om røntgenopptak, språkkunnskap og språkforståing. Dei har hatt ulike roller i filmen enten som tannhelsesekretær, pasient eller observatør. Dei har sett på filmopptak og vore “kritikarar” undervegs og gjeve konstruktive tilbakemeldingar på fagleg innhald, ulike prosedyrar og språkformuleringar. Desse tilbakemeldingane vart det teke omsyn til med tanke på målgruppa til filmen. [Jamfør om elevverknad i veileder 1, kapittel](#)



2.0 Korleis bruke filmen

Filmen er delt inn i 10 kapittel. Ein kan velje å sjå heile filmen eller sjå ulike kapittel kvar for seg- etter kva tema og fag ein underviser i.

- Kap 1. Introduksjon
- Kap 2. Utstyr
- Kap 3. Røntgenkonus
- Kap 4. Fosforplater
- Kap 5. Grunnlag for røntgen
- Kap 6. Ekstra pute og blykrage
- Kap 7. Framgangsmåte for bitewings-opptak
- Kap 8. Tryggleik ved røntgenopptak
- Kap 9. Smittevern ved røntgenopptak
- Kap 10. Evaluering av bildekvalitet

Å ta røntgenbilde krev mykje fagkunnskap, og eleven må ha heilskaps-forståing for å utføre arbeidsoppgåva på ein så god og optimal måte som mogleg. Filmen kan sjåast saman på skulen i klasseromsundervisning, delast til felles framsyning på Teams eller kvar elev kan sjå den så mykje ein vil heime etter behov - alt etter kva fag, tema og arbeidsoppgåver ein jobbar med til ein kvar tid. For å ta eit optimalt røntgenbilde krev det god kunnskap og ferdigheiter der ein kan trekke inn alle programfaga, sjølv om røntgenarbeid i utgangspunktet er i programfaget yrkesliv. I starten av skuleåret kan dette vere overveldande for elevane, men vi har regelmessige opplæringssituasjonar og stort fokus rundt røntgentaking gjennom heile opplæringa, så vi erfarer at det vert lettare undervegs.

Kap 1. Introduksjon

Introduksjon til røntgentaking og kva vi skal lære for å ta eit godt røntgenbilde. Her nemner vi kommunikasjon og strålevernhygiene for å få fram kompleksiteten og heilskapen av kva som skal lærast. I opplæringa kan vi gå gjennom kompetansemålet i yrkesliv og kommunikasjon.

- Elevane skal bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med strålehygieniske retningslinjer og vurdere kvaliteten på røntgenbilda.
- Elevane skal beskrive tannhelsesekretæren si rolle i tannhelsetenes ta og delta i det tverrfaglege samarbeidet med interne og eksterne aktørar.
- Elevane skal vise omsorg, yte service og kommunisere med pasientar og samarbeidspartnarar.

Kap 2. Utstyr

Her tek vi med fagterminologi og namn på utstyr vi treng for å ta eit godt røntgenbilde. I filmen har vi teke med bitewings og apikale røntgenbilde. Opplæring i Opg og ceph-røntgenteknikk har vi valt å ha for seg sjølv, gjerne i forbindelse med kjeveortopedi. Planen er å få fagterminologien inn i opplæringa raskt og gje elevane ei bevisstgjerung på kva tid dei nyttar det til kollegaer og samarbeidspartnarar, og korleis dei kan kommunisere til pasientane. Bruk av fagterminologi er gjennomgåande i filmen og gjennom heile skuleåret.

- Eleven skal bruke korrekt fagterminologi ved journalføring og av utarbeiding av planar.
- Eleven skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid

Kap 3. Røntgenkonus

I filmen brukast det både runde og rektangulære røntgenkonus. Det skuldast at vi har hatt filmopptak frå ulike tannklinikkar og ikkje alle har fått rektangulær røntgenkonus montert på røntgenapparata endå. Her kan vi sjå kapittel 3 saman med kapittel 8, eller kvar for seg for få bevisstgjerung, gode diskusjonar og refleksjonar frå elevane rundt strålevernhygieniske tiltak.

Kap 4. Fosforplater

Den offentlege tannhelsetenesta i Vestland nyttar fosforplater. Vi har difor ikkje med digitale sensorplater i filmen. Det har vi eiga undervisning om.

I dette kapittelet nemner vi mellom anna «tannstatus og størrelse på tenner». Vi har her vist filmen inn mot kompetansemålet i smittevern, tannanatomi og fysiologi (STF) for at eleven skal få nyttig kunnskap og sjå korleis dette gjev samanheng til røntgenopptak.

- Eleven skal beskrive oppbygging, tanndanning og forstyrringar i tanndanninga, og frambrot- og tannfellingstidspunkt.
- Delmål; «eleven skal kunne vurdere kvaliteten på røntgenbildet»



Kap 5. Grunnlag for røntgen

I dette kapittelet er det nytta fagterminologi knytt til STF.

- Eleven skal beskrive tannhelsesekretæren si rolle i tannhelsetenesta og delta i det tverrfaglege samarbeidet med interne og eksterne aktørar.
- Eleven skal beskrive oppbygging, tanndanning og forstyrningar i tanndanninga, og frambrot- og tannfellingstidspunkt.
- Eleven skal bruke korrekt fagterminologi ved journalføring og ved utarbeiding av planar.
- Eleven skal beskrive tannhelsesekretæren si rolle i tannhelsetenesta og delta i det tverrfaglege samarbeidet med interne og eksterne aktørar.

Kap 6. Ekstra pute og blykrage

Vi har nemnt nokre hjelpemiddel her, både som kan koplast til undervisning i ergonomi, strålevern og korleis ein kan ha prosedyrar for å gjere røntgentaking effektiv og god for både pasienten og tannhelsesekretæren.

I vår undervisning har vi sett dette kapittelet mot kompetansemålet;

- Eleven skal informere om pasienten sine rettigheter og drøfte kva samval medfører for pasienten. Døme; Kva seier du og korleis informerer du til pasienten om han ikkje vil ta på blykrage?
- Eleven skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid

Kap 7. Framgangsmåte for bitewings-opptak

Vi viser eit forslag til prosedyre på røntgenopptak. Her gjeld kompetansemåla frå tidlegare kapittel og i tillegg nemner vi spesielt pasienten sin rettighet om samval, for eksempel dersom han brekk seg eller ikkje ønskjer å ta røntgenbilde.

- Eleven skal bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med strålehygieniske retningslinjer og vurdere kvaliteten på røntgenbilda.
- Eleven skal informere om pasienten sine rettigheter og drøfte kva samval medfører for pasienten.

Kap 8. Tryggleik ved røntgenopptak

Kapittelet presiserer strålevernhygieniske tiltak. Vi vel å legge vekt på bruk av blykragen. Det er delte meiningar kring bruk av blykrage. Leverandør av nytt røntgenutstyr krev ikkje bruk av blykrage grunna

mindre stråling med nytt utstyr. Elevane erfarer ulik praksis i bruk av blykrage. ([Sjå veileder 14 – Statens strålevern](#))

Vi anbefala likevel tannhelsesekretærelevane å bruke blykrage konsekvent då denne rutinen er så godt innarbeidd hos pasientane.

- Eleven skal bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med strålehygieniske retningslinjer, og vurdere kvaliteten på røntgenbilda.

Kap 9. Smittevern ved røntgentaking

Smittevern ved røntgentaking er eit viktig kapittel for å få elevane til å vise forståing og kunnskap for smittevern under røntgentaking. Her viser vi til dei faglege anbefalingane for smittevern i klinisk odontologisk praksis og nyttar dokumentet i undervisninga når det gjeld dei basale smitteverntiltaka.

- Eleven skal gjennomføre praktiske hygienetiltak og smittevernarbeid og gjere greie for betydninga av slikt arbeid.
- Klargjere behandlingsrommet før og etter pasientbehandling i samsvar med dei faglege anbefalingane for smittevern i odontologisk praksis

I praksisøvingar let vi alltid elevane sjølve klargjere behandlingsromma før og etter bruk, gjerne med ein elev som observatør. Om det er tid til det; la elevane gje tilbakemeldingar til kvarandre om praktisk smittevern.

I kapittelet her bruker vi og å ha fokus på fagord som kontaminert utstyr og krysskontaminering. Eit eksempel på dette er at elevane skal forklare kva orda betyr og gje eksempel på det frå røntgenopptak-prosessane. Dei kan sjå på filmen og finne situasjonar undervegs der det er lett å krysskontaminere, og lære av dette.

Kap 10. Evaluering av bildekvalitet

Kunnskap og ferdigheiter legg grunnlag for gode røntgenbilde. Ein tannhelsesekretær skal ikkje stille diagnoser, men skal kunne å vurdere kvaliteten på bilda. Ein skal evaluere kvaliteten på bilda fortløpande for å vurdere og ta eit nytt bilde så raskt som mogleg.

Vi spør ofte elevane under opplæringa;

- Kva skal eit bw eller apikale røntgenbilde vise?
- Korleis er røntgenkvaliteten på ditt røntgenbilde? Sjå på ulike bilde for å vurdere dei.

- Korleis og kvifor vil du gjere det neste gong for å få betre bildekvalitet? (om dei meina dei ikkje hadde god nok bildekvalitet)
- Avslutte kvar undervisningsøkt med 5 minutt der ein stiller spørsmålet; kva har du lært i dag? La elevane dele sine erfaringar med kvarandre. Sjå dette kapittelet før- og/eller etter øvingane.



Foto: Kari Irene Lysgård

2.1 Teknisk støtte i filmen

Teksting:

Under cc vel du teksting. Vi valde å tekste filmen på nynorsk. Du kan her slå teksten av eller på. Her kan vi og få lagt inn tekst på andre språk dersom vi har oversetjarar som kan gjere jobben. Grunna økonomi er ikkje denne filmen oversett til fleire språk.

Tilrettelegging for universell utforming av film

Lenke til krav om universell utforming:

[Video og lydopptak](#) | [Tilsynet for universell utforming av ikt](#)

Krav til universell utforming av film med lyd medfører at film skal vere teksta for at personar som har problem med høyrsel skal få presentert lydinnhaldet på ein annan måte. Teksting er også nyttig for andre som av ulike årsaker ikkje ynskjer å ha på lyd.

I dette prosjektet har vi i tillegg hatt fokus på at teksting av filmen er

ein måte å forsterke læringa til vår målgruppe som består av elevar som ikkje har norsk som sitt førstespråk. Ved å tekste filmen, gjev vi dei mogelegheit til å betre oppfatte kva som blir sagt og forsterkar den visuelle delen for dei som «lærer gjennom auga».

Vi har hatt fokus på at tekst skal vere lett å lese. Dette krev tydeleg kontrast mellom tekst og bakgrunn, og bruk av visuelt reine skrifttypar. Dei fleste stadar er det brukt kvit skrift på svart bakgrunn. Teksten kjem opp automatisk, eller ein kan velje tekst på ein knapp som ligg lett tilgjengeleg saman med verktøylinja for å styre filmen.

3.0 Yrkesretting og samarbeid med fellesfaglærarar.

Læreplanen for tannhelsesekretærer LK20 legg føringar om fagleg relevans og sentrale verdiar, kjerneelement og tverrfaglege tema som **«skal bidra til ein trygg, serviceinnstilt og effektiv tannhelse-teneste»**. (læreplanen)

For at elevane skal bli **«sjølvstendige og omstillingsdyktige yrkesutøvarar som kan kommunisere med pasientar, brukarar og samarbeidspartnarar og kunne utføre tannhelsesekretæroppgåver sikkert og nøyaktig»** (læreplanen) har tannhelsesekretærlinja ved Firda vidaregåande skule eit godt samarbeid med lærarar i fellesfaga og i programfaga. Vi yrkesrettar fellesfaga og ønskjer å gje elevane god fagleg kompetanse, halde motivasjonen til elevane oppe gjennom skuleåret og samstundes gje dei god oversikt og eit heilskapsperspektiv til tannhelsesekretæryrket under opplæringa.

Leiinga ved Firda vidaregåande skule set av tid til faste samarbeids- møte og «gjev rom» for faglege møter gjennom heile skuleåret, der lærarane skal orientere seg i alle læreplanmål i alle fag. Vi finn tema som vi kan samarbeide om, slik at **«alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa»** (læreplanen)

Vi nytta oss av den varierte fagkunnskapen lærarane har, og støttar og hjelper kvarandre om opplæringa.

3.1 Naturfag

I yrkesfaga heng naturfag nært saman med arbeidet til elevane. Naturfagsundervisninga gjev dei ein bakgrunn for å forstå jobben sin betre, og bli kunnskapsrike profesjonelle. Tverrfaglege prosjekt er ein god måte å ta med teorien frå naturfaget over i den praktiske yrkesutøvinga.

Det er fleire tema som er aktuelle for yrkesretting, slik som mikrobar, celledeling, stråleskade og så vidare

3.2 Norsk

I norsk som er ein del av yrkesopplæringa er det viktig å utnytte situasjonar og språk som elevane brukar og treng i praksissamanheng.

Dette krev eit godt samarbeid med yrkesfaglærarane. Sjølv om vi ikkje er fagpersonar på yrkesfaget, kan vi bruke fagstoff frå yrkesfag for å jobbe vidare med språket og forståing av omgrepa slik at også norskundervisinga blir relevant og praksisnær.

Vi kan øve på reelle samtalar, uttale, jobbe med omgrep og forståing på mange ulike måtar. Vi kan f.eks. bruke ordkort, og ha ulike aktivitetar som alias og springestafett, som kan skape ei enda breiare forståing av fagomgrepa, og øving i å bruke dei. Vi kan og bruke dialogar frå praksis, klippe dei opp på ordnivå, la elevane sette dei saman igjen.

Det vil og vere ein fordel for elevane at vi brukar litteratur frå yrkesfag når vi skal jobbe med lesestrategiar og studieteknikk, som f.eks. BISON-metoden.

Transkripsjon av filmen:

Det kan vere nyttig å bruke transkripsjon/ manus av filmen i norskundervisinga. Dette kan vere eit godt utgangspunkt for læraren, både når det gjeld å jobbe med sentrale fagomgrep, og setningsoppbygging. Lærar kan til dømes klippe opp setningane frå filmen i papir, og så skal elevane sette saman setningane slik at ordstillinga blir korrekt. I denne jobben blir det viktig å forstå orda, men også å sette dei saman slik at setningsstrukturen blir rett, slik at dei kommuniserer godt.

Lage dialogar:

I nokre av delane i filmen vil det vere relevant at elevane får lage ein dialog som passar inn i situasjonen. Eks: Her vil ordval og setningsoppbygging vere sentralt. Ein kan også øve på dialogane munnleg etter at ein har skrive dei. Då vert uttale og kroppsspråk også viktig å jobbe med.

Sentrale fagomgrep:

Ei oppgåve som elevane kan få er å skrive ned dei mest sentrale fagomgrepa frå kvar del av filmen. Desse fagomgrepa kan dei jobbe vidare med på fleire ulike måtar. Her kjem nokre forslag:

- Skriv ned nøkkelorda i tabell:

Ordet	På morsmål	Forklaring på norsk	Lag ei setning med ordet

- Lage ordkort: det kan forklaring av ordet på eine sida og sjølve ordet på andre sida. Kan t.d. spele "Alias" med ordkorta. (vanskelegare utan forklaring på eine sida)
- Bruke ordkorta til uttaletrening og rettskriving: To og to saman. Ein elev les ordet og den andre skriv ned ordet utan å sjå på ordkortet, men ved å lytte til den andre.
- Ein kan kombinere fagord og forklaring av fagorda. (sette strek frå ord til forklaring, eller kombinere ordkort)
- Gloseprøve, Bingo eller liknande med ordkorta
- Skriv eigne sjølvstendige setningar med orda.
- Springedikttat: Lærar har ei liste med dei viktigaste fagorda. Elevane er delt i lag på 3-4 personar. Ein frå kvart lag spring fram til lærar, og får eit ord som dei skal forklare til gruppa si, utan å seie ordet. Den som gjettar rett, spring fram til lærar og får eit nytt ord. Det laget som er først ferdig med alle fagorda har vunne.
- Ein annan variant av springedikttat er at fagorda står på eit ark framme hos læraren. Ein elev frå kvar gruppe spring fram, les ordet, spring tilbake til gruppa si, seier ordet, og så skal en sekretær skrive ned ordet på rett måte.
- Spele Domino med fagorda. <http://www.hlsenteret.no/undervisning/materiell/1begrepslering.html>

3.3 Fagterminologi

Vi har nytta mange fagord i denne filmen. Eit av kompetansemåla vi har i kommunikasjon er at ***"eleven skal kunne bruke korrekt fagterminologi ved journalføring og utarbeiding av planar"***. Dette var utfordrande og tidkrevjande for elevane å lære seg. Erfaringa vi fekk med å bruke fagterminologi konsekvent i lag med tekst knytt til detaljerte situasjonar undervegs i filmen og i undervisninga elles, er

at dette ga læring etterkvart. Her samarbeidde vi godt med norsk-lærer som brukte dei ulike fagorda i si undervisning og.

3.4 Kva erfaringar fekk deltakarane i desse læringssituasjonane om fagterminologi?

Her er eit utval tilbakemeldingar frå deltakarane på tannhelse-sekretær linja på Firda vidaregåande skule:

«Eg streva mykje med dei ulike fagorda i starten av skuleåret. No når eg har lært dei, har eg ein betre forståing på kva som står i journalen til pasientane. Det gjer at eg kan finne viktige opplysningar om pasienten og den behandlinga han skal ha og difor førebu meg godt før eg hentar pasientane inn frå venterommet. Dette gjer at eg kan gje betre service og vise profesjonalitet!»

«Eg har lært meg mange faguttrykk under utdanninga og i starten var det vanskeleg. No når vi har nytta fagterminologien heile tida undervegs i opplæringa, har det og vorte meir naturleg å bruke fagorda. Det gjer at eg no kan vere med i faglege diskusjonar saman med medelevar og med kollegaer på praksisplass på ein anna måte enn tidlegare. Eg kjenner på meistring og yrkesstoltheit»

“Eg trur eg såg oppatt filmen 10 gonger heime før eg lærde meg kvadrantane og dei ulike tannflatene. Eg lærer best ved å sjå på film og ikkje berre lese i lærebøkene”

3.5 Ordforklaring

Eksempel på bruk av ordstøtte og korleis ein kan jobbe med enkelte fagord under opplæringa. Her fekk vi god hjelp av elevane som vurderte «vanskelegheitsgrad» og kom med forslag til ordforklaringane.

Desse ordforklaringane er basert på medverknad frå deltakarane. Dette vart gjort ved at deltakarane vart utfordra på å finne ord frå filmen som dei sjølve meinte dei trengte meir forklaring på. Det vart ein fin refleksjonsprosess der dei kunne nytte ord frå eige morsmål for å reflektere kring betydning av det norske uttrykket. Forklaringa på faguttrykka under er resultat av refleksjonen.

Basale smitteverntiltak:

Rutinar på tannklinikken for å unngå kjent eller ukjent smitte

Eksempel: Handvask, hanskar og munnbind

[Les meir om smitteverntiltak frå side 9](#)

Strålevern:

Faste rutinar for å verne mot stråling når vi tek røntgenbilete - både for tannhelsepersonell, pårørende og pasientane

Eksempel; Bruke blykrage på pasientane, gå ut av rommet under røntgenopptak eller stille røntgenapparatet ned mot golvet etter bruk.

[Les meir om strålevern frå side 21](#)

Profesjonell:

Å ha gode kunnskapar og ferdigheiter for å utføre arbeidsoppgåver i yrket og følgje lover og reglar.

Eksempel: Du har kunnskap om strålevern og ferdigheiter i røntgenopptak samstundes som du har pasienten i fokus. Å ha pasienten i fokus kan vere å gje pasienten omtanke, høyre etter kva han fortel og gje god omsorg og service etter kva pasienten fortel oss.

[Les meir om dette i helsepersonellova;](#)

God kommunikasjon:

Å gje informasjon på ein forståeleg og god måte etter mottakar sin alder og modningsnivå. Kommunikasjon kan vere 30% med ord og 70 % utan ord.

Eksempel; Du tek imot pasienten med vennleg stemme, har augekontakt og forklarar godt. "I dag skal eg ta 2 røntgenbilde, eit på høgre side og eit på venstre side. Går det fint, tenkjer du?"

[Les meir om dette i Lov om pasient- og brukerrettigheter;](#)

4.0 Korleis kan filmen brukast i ulike opplæringsarena?

Som nemnt tidlegare inneheld filmen fleire kapittel om ulike tema knytt til røntgenopptak og slik vi ser det har den «fleirbruksfunksjon», der den kan knytast til programfaga saman eller kvar for seg. Den kan og nyttast for elevar og fellesfaglærarane rundt spesifikke tema. Filmene kan brukast både i det fysiske klasserommet, det digitale klasserommet og ute i praksisrommet av både elevar, lærarar og rettleiarar i ulike opplærings situasjonar, og den gjev såleis mange moglegheiter.

4.1 Undervisningssituasjon på skule

Vi vil gje nokre eksempel på korleis vi har gjennomført undervisninga og korleis filmen kan nyttast i di undervisning om du vil prøve det ut. Her er det rom for tilpassingar retta inn til di eiga elevgruppe.

Vi underviser etter M-A-K-V-I-S-E-prinsippa og nyttar den didaktiske relasjonsmodellen (Hiim og Hippe, 2009) då dei fungera både som huskereglar og er retningsgjevande for undervisninga vår. Som vi nemnte i innleiinga gjennomførte vi ei elevundersøking ved skuleoppstart i form av kafédialog, spørreskjema og hadde samtalar med kvar elev om korleis dei lærer best. Elevmedverknad og bevisstgjeringsprosess på korleis dei lærer best, var for mange av våre minoritetsspråklege elevar ukjende omgrep. Vi skal ikkje legge skjul på at ein del av elevane tykte det var ein krevjande prosess, men vi erfarte at det var nyttig å bruke tid på å få fram dette i starten av skuleåret. Elevane har ulik kultur- og skulebakgrunn og vi tek omsyn til deira tilbagemeldingar i undervisningsplanlegginga så langt det let seg gjere. Det skapa gode refleksjonar hjå elevane, og vi kan ta betre omsyn til kvar og ein elev og får såleis variasjon i undervisninga gjennom skuleåret.

Elevane har hatt ulike roller i filmen og dei har vore deltakande på val av ord (språkstøtte), teksting og som kritikarar i evalueringa undervegs. Det ga dei eit «eigarskap» til filmen og såleis har dei fått motivasjon og læring til tema røntgen og arbeidsoppgåvene knytt til det. Vi nyttar filmen i ulike samanhengar; frå vanleg skuleundervisning, i øvingsrommet på tannklinikken og elevane kan sjå den heime. Vi får på denne måten ein god variasjon, samstundes som vi aktualiserer og konkretiserer tema som filmen omhandlar. Gode rammefaktorar er viktige for læringa. Vi har kome med gode råd til elevane om kva vi meiner må være på plass for digital og analog studering heime; eigen pc, ha eit godt internett, headsett,

studiebøker og notatblokk lett tilgjengeleg til å skrive ned ord og spørsmål elevane lurar på. Ein kan og presisere for elevane at dei må bruke eigentida godt til skulearbeid heime før resten av familien kjem heim frå barnehage, skule og jobb. Vaksne deltakarar i Gloppenmodellen har ein annan livssituasjon enn norske ungdomar i ordinær vidaregåande skule. Erfaring tilseier at dei ikkje alltid prioritetar seg og si utdanning framfor andre gjeremål.

4.2 På praksisplassen

Praksisrettleiar kan nytte filmen i opplæringsituasjon. Filmen kan og vere nyttig å bruke for rettleiar slik at dei er oppdatert på pensum. Sjå kapittel 6 for konkrete eksempel.

4.3 Heimearbeid

Filmen kan brukast til repetisjon og det er nyttig å kunne pause filmen og jobbe med dei delane ein skal ha fokus på. Sjå kapittel 5 for forslag til oppgåver.



4.4 Digital undervisning og fysiske samlingar

Filmen kan nyttast til ordinær klasseromsundervisning, men og til eigne fagsamlingar. I kapittel 5 gjev vi eksempel på korleis du kan ha

heil dagsopplegg til bruk av filmen. Dette gjev høve til kombinasjon av digitalundervisning og fysiske samlingar. Her kan filmen inngå både som rein digital undervisning, eller som ein kombinasjon av fysisk og digital undervisning.

5.0 Forslag til oppgåver i undervisninga og bruk av filmen

Oppgåve 1:

Prosedyre og fagord

Her kan mange ulike kompetansemål i programfaga takast med til undervisninga, men du kan velje sjølv ut i frå eigne rammefaktorar. Den første oppgåva hadde vi heilt i oppstarten i undervisninga om røntgen.

Kompetansemål i yrke:

Eleven skal kunne bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med strålehygieniske retningslinjer, og vurdere kvaliteten på røntgenbilda.

Kompetansemål i kommunikasjon:

Eleven skal bruke korrekt fagterminologi ved journalføring og utarbeiding av planar

Førebuing elev

1. Sjå filmen heime.
2. Skriv ned fagord og uttrykk som nyttast i filmen.
3. Lag deg ein prosedyre på opptaksteknikk for bitewing.

Undervisning i klasserommet eller praksisrommet.

1. Vi lagar felles ordliste over fagord og uttrykk elevane har skrive ned.
2. Elevane og lærar jobbar med fagorda saman på skulen.
3. Her kan vi og samarbeide med norsklærar om ordlista i norsktime (sjå kompetansemål i norsk lengre ned)
4. Elevane presenterer sine prosedyrar for kvarandre to og to.
5. Vi har felles gjennomgang av prosedyrane på opptaksteknikk.
6. Elevane kan «ordne/ rette på/føye til» sine prosedyrar etterpå.
7. Faglærar kan sjå igjennom dei og kome med kommentarar og rettleiing.
8. Prosedyrane kan takast med til tannklinikk og prøvast ut på medelev utan å eksponere dei for stråling. Så kan elevane vurdere prosedyren dei har laga på nytt. Reflektere over; kva fungerte og kva kan rettast på til neste gong? Medelev kan kome med kon

struktiv tilbakemelding og gjerne øve på å bruke fagterminologi i tilbakemeldingane til kvarandre.

9. Her kan elevane sjå filmen fleire gonger undervegs i oppgåveløysinga.

Kompetansemåla i norsk:

Eleven skal kommunisere munnleg og skriftleg i yrkesrelevante sjangrar

Eleven skal kunne bruke relevant fagspråk til å presentere, gjere greie for og dokumentere faglege emne og arbeidsprosessar i eige yrkesfagleg område.

Parallelt med undervisning som faglærer har, kan en samarbeide med norsklærer om ordbank. Sjå kapittel 3.2

Oppgåve 2: fagdag

Her er eksempel på fortsetting frå oppgåve 1 - men her har vi kalla det fagdag - der vi har lengre samanhengande øvingstid på klasserom og praksisrom/tannklinikk.

Her kan mange ulike kompetansemål i programfaga takast med til undervisninga, men du kan velje sjølv ut i frå eigne rammefaktorar. Etterkvart blir det naturleg å ta med fleire kompetansemål i øvinga.

Fagdag om prosedyrer røntgenopptaksteknikkar og fagterminologi

1. Sjå filmen heime som førebuing til tema /oppgåva
2. Vi startar med å sjå filmen saman i klasserommet.
3. Gå saman to og to og REPETERE prosedyrane for bitewings til kvarandre.
4. Forklare namn på utstyr og bruksområde du nyttar under bitewings-opptak. Bruk og fagterminologi.
5. Evaluering og gje konstruktive tilbakemeldingar til kvarandre.
Her kan vi avslutte undervisningsøkta med å sjå filmen (eller nokre «kapittel») med felles oppsummering til slutt.
6. Refleksjonsoppgåve.

Reflektere saman over korleis de meiner de løyste oppgåva. Bruk fagterminologi i den munnlege samtalen. Forklar både tannhelsesekretær- og pasientrollene for kvarandre.

Kva var bra - forklar kvifor.

Kva gjekk ikkje så bra - kva kunne du gjort annleis?

Korleis var det å vere pasient? Forklar

Om noko var ubehageleg - kva råd vil du gje din medelev/tannhelsesekretær for å gjere det betre for pasienten?

Norsklærer: Tema i norsktime om kva refleksjon er og korleis skrive eit refleksjonsnotat eller logg.

7. Apikale røntgenbilde. Parallell opptaksteknikk.

Her kan vi utføre undervisninga frå oppgåvene frå 1-5, der vi fokuserer på apikale røntgenbilde.

8. Her kan ein og avslutte øvinga med å sjå kapittelet om røntgenopptaksteknikkar frå filmen. Eller elevane kan sjå den undervegs i øvinga etter behov.

Oppgåve 3: Rollespel på tannklinikken.

Denne oppgåva kan brukast etterkvart som elevane får naturleg fagleg progresjon og ferdigheiter i dei ulike tema kring røntgenopptak. Informerer klassen om oppgåva, del inn gruppene på førehand og klargjere kva dei ulike rollene går ut på. Be dei sjå på kompetansemåla. Når det er gjort, kan dei enten sjå filmen gruppevis eller saman heile klassen, før dei startar med oppdraga sine.

Denne oppgåva kan nyttast som ein del av vurdering. Dette må sjølvsagt informerast om på førehand. I tillegg kan oppgåva brukast som eigenvurdering for den enkelte deltakar der lærar kan gje framovermelding basert på gjennomføringa. Oppgåva kan og nyttast som ein måte å repetere prosedyrar som klassa har behov for å repetere. Deltakarane kan nytte filmen som ein del av planlegging av rollespel eller som ein del av ein gjennomgang etter rollespelet.

Rollespel på tannklinikken.

Ulike kompetansemål i programfaga knytt til oppgåva:

Yrke:

- Bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med strålehygieniske retningslinjer og vurdere kvaliteten på røntgenbildet
- Planlegge, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid
- Klargjere behandlingsrommet før og etter pasientbehandling i samsvar med dei faglege anbefalingane for smittevern i klinisk odontologisk praksis
- Bruke og vedlikehalde digitale og analoge instrument og utstyr
- Bruke elektroniske pasientjournalssystem i samsvar med gjeldande lovverk

Kommunikasjon:

- Beskrive tannhelsesekretæren si rolle i tannhelsetenesta og delta i det tverrfaglege samarbeidet med interne og eksterne aktørar
- Vise omsorg, gje service og kommunisere med pasientar og samarbeidspartnarar
- Bruke korrekt fagterminologi ved journalføring og utarbeiding av planer
- Drøfte yrkesetiske dilemma i yrkesutøvinga og bruke strategiar for konflikthandtering

Smittevern, tannanatomi og fysiologi:

- Beskriv tennene si oppbygging, tanndanning og forstyrring og frambrots- og tannfellingstidspunkt
- Gjennomføre praktiske hygienetiltak og smittevernarbeid og gjer greie for betydninga av slikt arbeid.

Rollespel i grupper på klinikk. 3 elevar i kvar gruppe. Elevane skal byte på dei ulike rollene. Lag ein plan over rammefaktorar, mål for øvinga og refleksjon av læreprosessen. Avklare på førehand om det er vurdering eller ikkje.

Elev 1: Tannhelsesekretær.

Oppdrag:

- Du skal klargjere behandlingsrommet før og etter pasientbehandling i samsvar med dei faglege anbefalingane for smittevern i klinisk odontologisk praksis.
- Bruke riktig opptaksteknikk ved dentale røntgenbilde i tråd med dei strålehygieniske retningslinjer (og vurdere kvaliteten på røntgenbilda - her kan vi velje å ikkje eksponere pasienten/elev - då går dette sjølvsagt ut) Om de har demo-dukke anbefalast det å bruke denne for å redusere stråleeksponering av deltakarane. Eit alternativ er å bruke utskrift frå røntgenmappe som syner ulike moglege feil eller gode resultat.
- Ta eit BW på pasienten si høgre side og eit apikalt røntgenbilde av 32.
- Ta eit BW på pasienten si venstre side og eit apikalt røntgenbilde av 16
- Ta eit BW på pasienten si høgre side og eit apikalt røntgenbilde av 25
- Vise omsorg, gje service og kommunisere med pasientar og samarbeidspartnar
- Reflektere og notere ned korleis du synes dette gjekk.

Elev 2: Pasient

Oppdrag:

- Eleven kan sjølv velje kva prioritert pasientgruppe han høyrer til og kva han eventuelt plagast med (brekker seg lett, høyrer dårleg, ser dårleg, alder, minoritetsspråkleg, bruke rullator osv. Informere elev 1 om dette på førehand før han skal hente deg inn frå venterommet.
- Tenke over korleis elev 1 tek omsyn til den informasjonen du har gjeve.
- Du skal følge med på strålevernhygieniske tiltak elev 1 førete seg.
- Korleis kommuniserer elev 1 med deg som pasient?
- Notere ned dine refleksjonar på eit eige ark i stikkordsform. Korleis er det å vere pasient i dag? Utdjup.

Elev 3: Observatør

Oppdrag:

- Du skal ikkje delta i kommunikasjonen med elev 1 og elev 2 under øvinga - du er stille observatør.
- Ta med notatblokk og notere ned det du ser er bra og mindre bra - du skal kunne forklare kvifor.
- Du skal følge med korleis smittevernrutiner vert gjennomført.
- Korleis tenkjer du strålevernhygieniske tiltak vert ivareteken av elev 1?
- Reflekter og skriv kort om kva du har lært av å vere observatør.

Elevane skal bruke 15 minutt åleine for å skrive ned notat og reflektere over oppdraga sine.

Dei skal byte på dei ulike rollene - så alle skal gjennomføre alle dei 3 rolle-oppgåva. Her må lærar bestemme tidsskjema etter kapasitet. Vi har erfart at det er fint å vere fleire faglærarar til stades under slike øvingar.

Deretter skal dei tre elevane i gruppa ha ein samtale med kvarandre der dei gjev konstruktive tilbakemeldingar over sine refleksjonar. Dei skal bruke fagterminologi under samtalene.

Når alle har gjennomført oppgåva og reflektert saman, kan dei skrive ned svar heime eller ein anna dag på skulen til desse spørsmåla:

- Kva har vi lært om røntgen i dei ulike rollene?
- Kva vil eg gjere betre eller ha meir fokus på neste gong? Forklar?
- Sjå filmen heime og anna litteratur vi har nytta i undervisninga og skriv ned forslag til svar på spørsmåla der

6.0 Bruk av filmen på praksisplass

Forslag til korleis vi kan samarbeide med rettleiarar

Firda vidaregåande skule og den offentlege tannhelsetenesta (DOT) samarbeider om dette opplæringstilbodet, då dei har eit auka behov for autoriserte tannhelsesekretærer i framtida. Som nemnt tidlegare stiller DOT med praksisplassar i nærleiken av der deltakar bur og dei har rettleiarar til elevane under opplæringa.

Programfaglærar har tett samarbeid med rettleiarar om opplæringa og vi har laga ein plan for gjennomføringa av det. Vi er avhengige av at rettleiarane er motiverte for den viktige oppgåva dei tek på seg, og tannklinikken er ein svært god og viktig læringsarena for deltakarane. Dette samarbeidet startar med eit møte med både klinikkleiarar og rettleiarar digitalt på Teams. Her informerer vi om dei ulike kompetansemåla, viser periodeplanar og tema vi har fokus på i undervisninga.

Skulen har og laga ei enkel praksismappe der rettleiaren får informasjon, kontaktinformasjon, fråværsskjema og forventningar vi har til kvarandre undervegs i opplæringa. Vi har jamleg kontakt og regelmessige avtalte praksisbesøk under opplæringa. Rettleiarane har gjeve tilbakemeldingar til lærar at dei ynskjer å ha denne strukturen. Dei vert då tryggare på kva tema dei skal fokusere på i ein elles travel kvardag. Bemanninga og arbeidskvardagane på praksisplassane kan vere noko ulike og vi må gjere tilpassingar undervegs, men skulen erfarer og at denne faste strukturen er god og retningsgjevande for samarbeidet.

Elevane og skulen samarbeider såleis godt med rettleiarane rundt omkring på tannklinikane, noko som igjen gjev betre forståing og dermed ønska opplæring. Det har mellom anna skapa gode diskusjonar på fleire nivå om ulike prosedyrar og rutinar i samband med røntgenopptak.

Jamfør helsepersonellova har kvar arbeidstakar ei plikt til å halde seg fagleg oppdatert. Filmen kan bidra både til repetisjon og til ny kunnskap om røntgen. Skulen gjev informasjon til rettleiaren om når vi gjennomgår nye tema i undervisninga og ber dei då i samband med det vise elevane korleis dette gjennomførast i praksis og kvifor. Her er det eit ønskje å få fram eleven sine eigne vurderingar og refleksjonar rundt ulike arbeidsrutinar. Vi har laga eit eige skjema knytt til røntgen som rettleiar og elev kan ha fagsamtalar rundt.

Lærar tek utgangspunkt i dette skjema i samband med samtale med elev og rettleiar på praksisbesøk. Elevane og rettleiaren har gjeve tilbakemeldingar på at desse faglege samtalane gjev god læring. Her er eit forslag til skjema vi gjev til rettleiar og elev i samband med undervisning om røntgentaking og ulike arbeidsoppgåver knytt til det.

Røntgentaking:

Det er fint om elevane kan observere og øve seg på ulike opptaksteknikkar frå ulike pasientsituasjonar i praksis. En rettleiar kan vise, forklare og gje konstruktive tilbakemeldingar på eleven sine opptak. Kva var bra og kva kan gjerast betre for å få betre røntgenbilde? Gje eleven tilbakemelding på kva vedkomande kan øve meir på knytt til dei ulike pasientgruppene. Eleven skal og vurdere røntgenkvalitet og ha eigenvurdering samstundes som eleven skal sette seg nye mål for vidare læring.

[Skjemaet](#) er eit arbeidsdokument som lærar, rettleiar og eleven nyttar saman under opplæringa. Skjemaet finn du her

Elevane våre har praksis 2 dagar kvar veke gjennom heile skuleåret og det kan vere krevjande å vere rettleiar. Det kan det sjølvsagt vere mange årsaker til, og vi prøvar å løyse desse ved å ha god dialog og å være løysingsorientert om det oppstår samarbeidsproblem eller misforståingar mellom elev, skule og rettleiar. Vi får og mange positive tilbakemeldingar frå rettleiarane der dei ser det positive i å ha ein elev i opplæring:

“Etter at tannklinikken vår fekk elevar under opplæring, fekk vi mange spørsmål om prosedyrane våre, kva - korleis - kvifor, om f.eks. smittevern under røntgenopptak. Dette gjer at vi har hatt faglege diskusjonar og gjennomgang av fleire prosedyrar i fellesskap. Vi ser det er svært nyttig i å halde seg fagleg oppdatert og det må vi vere når vi har elevar her”.

“Vi såg røntgenfilmen i lag med elev på eit klinikk møte. Vi hadde gode fagsamtalar rundt ulike tema i filmen og vi gjorde nokre f orandringar på eigne klinikkprosedyrar. Det er fint vi vert minna på dei faglege anbefalingane for smittevern i klinisk odontologisk praksis og det er lærerikt for oss å ha ivrige lærevillige elevar på tannklinikken.”

7.0 Refleksjonar kring bruk av digitalt innhald

Filmprosessen har vore spanande og lærerik. Røntgenopptaksoppgåva krev mykje fagkunnskap og eleven må ha heilskapsforståing for å utføre arbeidsoppgåva på ein så god og optimal måte som mogleg. Filmen kan sjåast saman på skulen i klasseromsundervisning, delast til felles framsyning på teams eller kvar elev kan sjå den så mykje ein vil heime etter behov, alt etter kva fag, tema og arbeidsoppgåver ein jobbar med til ein kvar tid.

Vi har erfart at filmen kan brukast i undervisninga i både programfaga og fellesfaga, alt etter kva tema ein underviser i. Vi håpar og den viser kor viktig denne praktiske arbeidsoppgåva til tannhelsesekretærane er, og kor mykje kunnskap ein må ha for å ta det perfekte røntgenbiletet.

Utviklinga av denne filmen syner at det er eit behov for fleire slike filmar med andre tema (sjå rettleiar 1 for forslag til framtidige tema).

Litteraturliste:

Lover og forskrifter

- Pasient- og brukarrettslova
- Helsepersonellova
- Tannhelsetenestelova
- Strålevernlova
- Smittevernlova
- Arbeidsmiljølova
- Forureiningslova
- Likestillings- og diskrimineringslova
- Forskrift om strålevern

Retningslinjer og veiledere:

Helsedirektoratet, nasjonal faglig retningslinje,

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-020-ar>

Veileder nr 14, Statens strålevern;

https://dsa.no/publikasjoner/veileder-14-veileder-om-stralebruk-innen-odontologi/Veileder_14_odontologi.pdf

Faglige anbefalingar for smittevern i klinisk odontologisk praksis(2018)

<https://www.odont.uio.no/om/hms/dokumenter/fagligeanbefalinger-smitteverntannhelsetjeneste.pdf>

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet;

- [Medisinsk strålebruk](#)
- [Røntgen på tannklinikk](#)

[Tannhelsesekretæren sine yrkesetiske retningslinjer](#)

Læreplaner og kompetansemål:

[Læreplan tannhelsesekretærer](#)

[Kompetansemål](#) etter vg1 helse- og oppvekstfag

- Læreplan i naturfag (NAT01-04)

[Kompetansemål](#) i norsk med kort botid;

[Samarbeidsavtale](#) om nettskuletilbud for opplæring til tannhelsesekretær

Prosjektgruppe og styringsgruppe Digitaliserings Gloppenmodellen

Styringsgruppa

Styringsgruppa har det orverordna ansvaret for gjennomføring av prosjektet. Gloppen kommune er prosjekteigar. Styringsgruppa består av:

Gunhild Gimmestad - kommunalsjef helse og velferd - Gloppen kommune

Rolf Årdal-- assisterande fylkesdirektør for opplæring - Vestland fylkeskommune

Kari Tonning - NAV Vestland eller NAV Nordfjord

Ann Iren Festervoll-- prosjektleiar - Gloppen kommune

Leiar for styringsgruppa er Gunhild Gimmestad, Gloppen kommune.

Prosjektleiar Ann Iren Festervoll, Gloppen kommune er medlem og sekretær for styringsgruppa. NORCE har observatørstatus i styringsgruppa. Styringsgruppa gjer prioriteringar for prosjektet inkludert målsettingar og budsjettavgjersler.

Prosjektgruppa:

Kari Irene Lysgård – faglærer tannhelsesekretær Firda vidaregåande skule

Anders Fitje – fellesfaglærer Firda vidaregåande skule

Jorunn Mardal Kårstad – fellesfaglærer Firda vidaregåande skule

Audun Bjelland – Rektor Nettskulen, Vestland fylkeskommune

Hilde Hole – Digitalpedagog/spesialkonsulent Firda vidaregåande skule

Astrid Espegren – Senior forskar, NORCE

Øyvind Hellang – Senior forskar, NORCE

Ann Iren Festervoll – prosjektleiar, Gloppen kommune

Brukarrepresentant gruppe:

Hasina Mohebullah

Olha Damarska

Rawaa Ahmad Alhallak

Jihan Mihidi Al-Mohammad

Maram Mohamud Ezzat Al-Qowati



Avslutninga til tannhelseklassa. Foto: privat